

Vedtekter for Miljøpartiet Dei Grøne Bjørnafjorden

Sist endra på stiftingsmøtet for Bjørnafjorden kommune, tidlegare Os og Fusa, 16. juni 2018.

§1 Stifting og grunnlag

Miljøpartiet Dei Grøne Bjørnafjorden (heretter kalt Dei Grøne Bjørnafjorden) er stifta 16. juni 2018. Lokallaget er ein del av Miljøpartiet Dei Grøne og bygger på programma og vedtektene til partiet.

§2 Føremål

Dei Grøne Bjørnafjorden har som føremål å fremje politikken til Dei Grøne, mellom anna ved å søkje representasjon i lokale folkevalde organ.

§3 Medlemskap, stemmerett og valbarheit

Medlemskap, stemmerett og valbarheit i møta og organa til lokallaget følgjer av §4 i hovudvedtektene. I tillegg må ein ha folkeregistrert adresse i Bjørnafjorden kommune. Medlemmer som med samtykke frå Landsstyret har valt å høyre til eit anna lokallag er til frådrag. Medlemmer som med tilsvarande samtykke har valt motsett endring av kor dei høyrer til kjem i tillegg.

§4 Årsmøtet

- a) Årsmøtet er lokallaget sitt høgste organ. Ordinært årsmøte skal vere gjennomført kvart år seinast seks veker før opninga av det ordinære landsmøtet i Miljøpartiet Dei Grøne. Styret skal sende melding om dato for årsmøtet til medlemmene med minst fire veker varsel. Endeleg innkalling med sakliste og saksdokument skal sendast ut seinast to veker før møtet.
- b) Årsmøtet skal handsame følgjande saker: Årsmelding, rekneskap, budsjett og val. Andre saker kan verte handsama dersom dei er nemnde i innkallinga eller dersom dei er av hastekarakter og eit fleirtall av dei stemmeføre på årsmøtet aksepterer at dei blir handsama.
- c) Årsmøtet fattar vedtak med simpelt fleirtal, med unntak frå forslag om vedtektsendringar (jf. §7).
- d) Årsmøtet vel ein valkomité på minst 3 medlemmer etter innstilling frå styret. Fungerande styremedlemmer kan ikkje sitje i valkomiteen; det gjeld med føresetnad at lokallaget har over 20 medlemmer. Valkomiteen har ansvar for å innstille på val av styre og eventuelt nominasjons- og programkomité til neste årsmøte.
- e) Året før lokalval vel årsmøtet ein nominasjonskomité på minst 3 medlemmer, etter innstilling frå valkomiteen. Nominasjonskomiteen har ansvar for å utarbeide og innstille på valliste etter krava i vallova og retningslinjene frå landsstyret. Årsmøtet bestemmer konkrete prosedyrar og tidsfristar for komiteen, eller delegerer dette til styret.

- f) Året før lokalval vel årsmøtet ein programkomité på minst 3 medlemmer, etter innstilling frå styret. Programkomiteen har ansvar for å utarbeide og innstille på lokalt valprogram. Årsmøtet bestemmer konkrete prosedyrar og tidsfristar for komiteen, eller delegerer dette til styret.
- g) Styret og alle komitear skal så langt som råd bestå av maks 60 prosent av kvart kjønn og ha god geografisk og aldersmessig fordeling. Dersom Grøn Ungdom blir etablert i kommunen vel dei sjølv ein person som får fast styreplass i lokallaget.
- h) Når situasjonen krev det, kan styret innkalle til ekstraordinært årsmøte med to vekers varsel. Når minst $\frac{1}{4}$ av medlemmene krev det, eller minst tre medlemmer – dersom dette utgjør meir enn $\frac{1}{4}$ av medlemmene - skal styret kalle inn til ekstraordinært årsmøte. Ekstraordinært årsmøte handsamar berre dei sakene som er nemde i innkallinga.

§5 Styret

- a) Styret i Dei Grøne Bjørnafjorden er lagets høgste organ mellom årsmøta. Styret står ansvarleg for årsmøtet når det gjeld alt arbeid og alle aktiviteter i lokallaget, om ikkje anna er bestemt av tidlegare årsmøte. Styret pliktar å leggje fram årsmelding og rekneskap for årsmøtet, føre protokoll over eigne møte og sørge for forsvarleg arkivering av rekneskap, årsmeldingar og protokollar. Styret pliktar å følge opp krav frå det offentlege.
- b) Styret består av minst tre medlemmer, inkludert leiar som blir valt ved særskildt val. Varamedlemmer blir valde i nummerert rekkefølge.
- c) Leiar for kommunestyregruppa bør som hovudregel møta i styret, utan stemmerett med mindre hen også er ordinær styremedlem.
- d) Styremedlemmene blir valde for to år om gongen. Halvparten – eller så nær halvparten som råd – på val kvart år. Varamedlemmer blir valde for eitt år.
- e) Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemmene eller innkalte varamedlemmer har møtt opp, og uansett ikkje ved færre enn 3 personar.
- f) Dersom leiar trer frå meir enn tre månader før funksjonstida går ut, rykker nestleiar opp for resten av perioden. Dersom eitt eller fleire andre styremedlemmer trer frå meir enn tre månader før funksjonstida går ut, og dette fører til at styret blir ståande med færre enn tre medlemmer – og utan at opprykk av varamedlemmer kan fylla opp plassane, skal organisasjonen arrangere ekstraordinært årsmøte for å gjere suppleringsvalg.
- g) Lokallaget blir forplikta ved underskrift av leiar og ein annan medlem av styret.

§6 Tolking av vedtektene

Oppstår det usemje om tolking av desse vedtektene kan spørsmålet bli sendt til kontrollkomiteen i partiet for endeleg avgjerse.

§7 Endring av vedtektene

Forslag om endring av desse vedtektene kan berre bli handsama av ordinært årsmøte og må følge med innkallinga til dette. Endring av vedtektene krev eit fleirtal på $\frac{2}{3}$ av dei avgitte stemmene på årsmøtet. Vedtektsendringar trer i kraft straks.

§8 Oppløysing

Lokallaget kan berre bli oppløyst på eit av dei følgjande vilkåra:

- a) at det er færre enn tre medlemmer som ønsker å vidareføre lokallaget
- b) at dei medlemmene som ønsker å vidareføre lokallaget ikkje er i stand til å oppfylle dei krava som blir stilte til lokallag i vedtektene til partiet
- c) at Miljøpartiet Dei Grøne blir oppløyst
- d) at det skjer endringar i kommunestrukturen som gjer det naturleg med deling av lokallaget eller samanslutning med andre

Ved oppløysing av lokallag går midlane til Miljøpartiet Dei Grøne, eller – ved oppløysing av Miljøpartiet Dei Grøne – den organisasjonen som skal overta midlane til partiet. Ved samanslutning med andre lag går midlane til det samanslutta laget. Ved deling av lag går midlane til dei nye laga etter årsmøtevedtak. Ved manglande vedtak vil landsstyret avgjere fordelinga av midlane.